

# Gud signe vårt dyre fedreland

Tekst: Elias Blix

Melodi: C. E. F. Weyse

1.

Gud signe vårt dyre fedreland  
og lat det som hagen bløma!  
Lat lysa din fred frå fjell til strand  
og vetter for vårsol røma!  
Lat folket som brøder saman bu,  
som kristne det kan seg søma!

2.

Vårt heimland i mørker lenge låg,  
og vankunna ljuset gøymde.  
Men, Gud, du i nåde til oss såg,  
din kjærleik oss ikkje gløymde.  
Du sende ditt ord til Noregs fjell,  
og ljøs over landet strøymde.

3.

Og Noreg det ligg vel langt i nord,  
og vetteren varer lenge;  
men ljuset og livet i ditt ord,  
det ingen kan setja stenge.  
Om fjellet er høgt og dalen trong,  
ditt ord har då her sitt gjenge.

4.

Så blømde vårt land i ljøs og fred,  
det grodde så grønt i lider.  
Men atter seig natt på landet ned  
med trældom og tunge tider.  
Og folket det sukka etter ljøs,  
og du lyste opp om sider.

5.

Og morgonen rann, og mørkret kvarv,  
som lenge vår lukka skygde.

Du atter oss gav vår fridoms arv  
og honom i trengsla trygde.

Du verna vårt folk og gav oss fred,  
og landet med lov me bygde.

6.

Vil Gud ikkje vera bygningsmann,  
me fåfengt på huset byggja.

Vil Gud ikkje verja by og land,  
kan vaktmann oss ikkje tryggja.

Så vakta oss Gud så me kan bu  
i heimen med fred og hyggja.

7.

No er det i Noreg atter dag  
med vårsol og song i skogen.

Om sædet enn gror på ymist lag,  
det brydder då etter ploegen.

Så signe då Gud det gode såd,  
til groren ein gong er mogen!